



Mottakere ifølge liste

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/846 - 16/3617

Saksbehandlar:
Anne Kristin Rafoss
anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Dato:
24.06.2016

Melding om politisk vedtak - val av felles sakkunring nemd og felles klagenemnd for eigedomsskatt - Masfjorden kommune og Modalen kommune

Vedlagt følgjer saksutgreiing og vedtak.

Med helsing

Anne Kristin Rafoss
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Andre mottakere:

Aud Helen Virkesdal Daae, Bjørn Rune Kvinge, Bjørnar Vik, Grethe Haugsvær, Håkon Birkeland, Kurt Henning Oppedal, Lars Elling Haugsvær, Lillian Andvik

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 033	15/846

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2016	Valnemnda	PS	18.04.2016
031/2016	Kommunestyret	PS	28.04.2016

Val av felles sakkunning nemd og felles klagenemnd for eigedomsskatt - Masfjorden kommune og Modalen kommune

Vedlegg:

Journalposttittel
Taksvedtekter

Dato
10.03.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Felles fagkunnig nemnd for eigedomsskatt for valbolken 2015 – 2019 er:

leiar	personleg vara
nestleiar	personleg vara
medlem	personleg vara

Felles klagenemnd for eigedomsskatt for valbolken 2015 – 2019 er:

leiar	personleg vara
nestleiar	personleg vara
medlem	personleg vara

Felles taksvedtekter for sakkunnig nemnd og klagenemnd for eigedomsskatt vert vedteke slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Lov om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) § 8 A-3 (2) fastslår at det skal vere ei allmenn taksering i kommunen kvart tiande år. Kommune skal dekke kostnadane ved taksering og kommunestyret skal utnemne dei personane som skal stå for takseringa. Dette kan gjerast ved å utnemne dei personane som skal stå for takseringa ved behov, eller så kan kommunestyret utnemne ei sakkunnig nemnd som skal setje taksten på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn, jf § 8 A-3 (4).

Masfjorden (formannskapsvedtak) og Modalen kommunar har i april 2016 vedteke likelydande takstvedteker for sakkunnig nemnd og klagenemnd for eigedomsskatt. Det er vidare lagt opp til å velje felles sakkunnige nemnder til å gjennomføre takseringa i begge kommunane.

Fakta

Eigedomsskattelova § 21 slår fast at formannskapsmedlemmer ikkje kan vere med i eigedomsskattenemnder. Dette gjeld både faste medlemmer og varamedlemmer. Takstvedtektene slår fast at dei som er valbare og pliktige til å ta i mot val til kommunestyret og er valbare som medlem til takstnemndene.

Både ei sakkunnig nemnd og klagenemnder å rekne som takstnemnder.

Takstnemnder er rekna som eit fast utval etter kommunelova § 10 og det er reglane om val av nemnder som gjeld for desse utvala.

Takstvedtektene gjev føringar for korleis arbeidet i nemndene skal utførast.

Vurdering

Kommunestyra i Masfjorden og Modalen kommunar skal i samsvar med pkt 1.1 og 1.2 i takstvedtektene velje ei sakkunnig nemnd på tre medlemmer med personlege varamenn og ei klagenemnd på tre medlemmer med personelege varamenn.

I saksførebuinga til takstvedtektene er det avtalt at det skal veljast to medlemmer med personleg vara frå Masfjorden kommune og eitt medlem med personleg vara frå Modalen kommune til kvar av nemndene.

Konklusjon

Kommunestyra i Masfjorden og Modalen kommunar vel felles sakkunnig nemnd og klagenemnd for eigedomsskatt etter at valstyra i kommunane har gjort sine vedtak.

Valnemnda - 001/2016

VA - behandling:

Leiar i valnemnda Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) sende over følgjande vedtak etter telefonmøte:

Takstnemnd:Leiar: Audun Eidsnes
Kvinge

Vara: Grete Haugsvær
Vara: Aud Helen V. Daae
Medlem: Kurt Henning Oppedal

Vara: Bjørn Rune
Vara:

Britt Farestveit
Klagetakstnemnd:
Leiar: Bjørnar Vik
Haugsvær
Nestleiar: Håkon Birkeland
Vara: Anders Brørvik

Vara: Lars Elling
Vara: Lillian Andvik
Medlem: Hallgeir Neset

Valnemnda hadde følgjande kommentar til eige vedtak:

Vedlagt er valnemnda i Masfjorden si innstilling til takstnemnd og klagetakstnemnd. Dette er sett opp i samsvar med tilbakemeldingar frå Modalen. Vi har ikkje klart å oppfylle kjønnskvoteringa, då det har vore vanskeleg å finne damer som er villig til å påta seg dette vervet. Vi har likevel klart å finne 4 damer som vara, noko valnemnda er glad for. Valnemnda har primært sett på kvalifikasjonar, og vi meiner å ha funne godt kvalifiserte nemnder.

VA - vedtak:

Felles sakkunnig nemnd for eigedomsskatt for valbolken 2015 – 2019 er:

leiar	Audun Eidsnes	personleg	Grete Haugsvær
		vara	
nestleiar	Bjørn Rune Kvinge	personleg	Aud Helen V. Daae
		vara	
medlem	Kurt Henning Oppedal	personleg	Britt Farestveit
		vara	

Felles klagenemnd for eigedomsskatt for valbolken 2015 – 2019 er:

leiar	Bjørnar Vik	personleg	Lars Elling Haugsvær
		vara	
nestleiar	Håkon Birkeland	personleg	Lillian Andvik
		vara	
medlem	Hallgeir Neset	personleg	Anders Brørvik
		vara	

Kommunestyret - 031/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:**Felles sakkunnig nemnd for eigedomsskatt for valbolken 2015 – 2019 er:**

leiar	Audun Eidsnes	personleg vara	Grete Haugsvær
nestleiar	Bjørn Rune Kvinge	personleg vara	Aud Helen V. Daae
medlem	Kurt Henning Oppedal	personleg vara	Britt Farestveit

Felles klagenemnd for eigedomsskatt for valbolken 2015 – 2019 er:

leiar	Bjørnar Vik	personleg vara	Lars Elling Haugsvær
nestleiar	Håkon Birkeland	personleg vara	Lillian Andvik
medlem	Hallgeir Neset	personleg vara	Anders Brørvik